800 på Vamp-konsert i

LEIKENT: Øyvind Staveland speler mange instrument. Her er han i aksjon med fela.

Vamp-konserten vart ein suksess!

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

– Dette var utan tvil det best besøkte arrangementet under «Ein smak av Austrheim». Konserten var eit høgdepunkt. Me selde over 700 billettar, og alt i alt var det 800 menneske i teltet då bandet spelte, seier festivalsjef Bjørn Inge Dyrkolbotn.

Han synest det var kjekt å sjå korleis fastbuande og hyttefolk kosa seg i festivalteltet ved Mastrevik torg onsdag kveld.

Song med

For Bente Helen Alvestad, Kjetil Alvestad, Ellen Brunstad og Eilif Rådmannsøy vart det ei aller tiders konsertoppleving. Damene fortel at dei har høyrt Vamp live nokre gonger før, og dei smilte og song med på fleire av songane.

– Eg skulle likt å visst kor mange instrument dei brukte i løpet av konserten. Dei er utruleg flinke, seier Ellen.

–Dei byter jo instrument heile tida, og speler forskjellige feler, fløyter, gitarar og mykje anna. Det er veldig artig, og så har dei så mange fine songar, seier Bente Helen.

På favorittlista deira står blant anna «Tir n'a Noir», og «Liten fuggel».

Når journalisten spør om dei kan tekstane utanåt, drar damene litt på det, men Kjetil og Eilif ler og seier at: Jo, det kan dei!

God stemning

Damene var ikkje åleine om å ha «Tir n'a Noir» på favorittlista. Det braut ut spontan applaus i teltet med det same bandet begynte å spela på den. Mange henta opp mobilane, knipsa, filma og song. Det same skjedde også under «Månemannen» og «Ta meg med».

Publikum i Austrheim fekk ein fin blanding av gamalt og nytt. Vamp heldt det gåande i nesten ein og ein halv time, og spelte blant anna «13 Humler», «På bredden», «Kim du nå va?», «Sommer i hekken», songen om «Elmer», «Maleren» og ein kort snutt om skjegget som ikkje er der meir.

– Som de ser er eg nybarbert, fleipa vokalist Jan Toft.

Kjem gjerne tilbake

Bente Helen og Ellen håpar bandet tek turen til Austrheim fleire gonger.

Dei synest bandet hadde valt ut ein fin kombinasjon av energiske og rolege låtar.

– Det einaste som var litt dumt, var at det var litt vanskeleg å få med seg teksten i dei rolege partia i låtane, fordi det var ein del som snakka bak i teltet, men det var gjerne betre for dei som stod lenger framme, seier damene.

Dei bur i Bergen, og fortel at dei er på hyttetur i Nordhordland.

– Me kjem gjerne på konsert her neste sommar også. I fall visst det blir meir Vamp. Då stiller me garantert, seier dei.

POPULÆRT: Konserten med Vamp var det siste og mest populære arrangementet under «Ein smak av Austrheim».

Austrheim

– DETTE VAR KJEKT: Kjetil og Bente Helen Alvestad og Eilif Rådmannsøy og Ellen Brunstad har sansen for Vamp. Damene song med både på «Tir n'a Noir», og «Liten fuggel».

GOD KONTAKT: Vokalist Jan Ingvar Toft var vokalist då Vamp vart starta. Han har skrive mange av tekstane deira, men har vore vekke frå scena nokre år. No er han tilbake, og han fekk god kontakt med publikum .

TROMMER OG VOKAL: Odin Aarvik Staveland sat bak trommene store delar av konserten, men publikum sette også stor pris på å få høyra stemma hans.

GOD OPPLEVING: Tord Risdal (frå Alverstraumen) Sunniva Lyngtun (frå Bergen), Cathrine Rydheim (frå Sotra) Sigrun Ekerhovd (frå Sotra) Erling Jacobsen (frå Seim) og Anne Kristine Grønsund (frå Tønsberg) gjekk saman på konsert. Her er dei saman med tolkane Marianne Bjerg og Monica Glåmen.

Stilte på konsert med døvetolk

– Musikk kan opplevast på mange måtar, seier Anne Kristine Grønsund og Erling Jacobsen. Dei stilte på konserten med to tolkar som veksla på å oversetja songtekstane.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

Anne Kristine frå Tønsberg og Erling Jacobsen frå Seim har begge sterkt redusert hørsel. Det hindrar dei ikkje i å gå på konsertar. For ei tid tilbake var dei på ein annan musikkfestival, der Vamp var eit av banda som spelte. Då dei Vamp også skulle spela i Austrheim, bestemte dei seg for å ta turen saman, og inviterte også med seg andre frå døvemiljøet.

Tolken er viktig

– Det er ikkje så mange døve som går på konsertar, men me som er her i dag har stor glede av det, seier Anne Kristine, og fortel at ho og Erling opplever musikk veldig forskjellig.

Sjølv har ho eit spesielt høyreapparat som gjer at ho kan høyra ein del lyd.

– Eg høyrer musikken, men får ikkje med meg kva dei syng. Når eg har med tolk på konsert kan eg få med meg både musikken og teksten slik andre i salen gjer, seier Anne Kristine.

Kan føla musikken

Erling fortel at han ikkje kan høyra musikk eller tale, men at han kan opplever musikken gjennom kroppen fordi han kan kjenna vibrasjonar og rytme.

– Visst du ser etter, så kan du også sjå korleis musikken får ting til å vibrera. Erling hadde lagt frå seg jakken sin på benken, og under konserten kunne du til dømes sjå korleis musikken fekk jakken til å bevega seg, seier Anne Kristine.

– Du kan ha stor glede av musikk sjølv om du er døv, fortel Erling, og tipsar om at folk kan gå inn på nettet å lesa om skotske Elizabeth Ann Glennie. Glennie har vore døv sidan ho var åtte år gamal, og likevel speler ho på eit internasjonalt nivå.

Krev ein del førebuing

Både Erling og Anne Kristine likte seg på konserten.

– Eg synest dette var ein god konsert, fordi den gav meg ei god oppleving, seier Erling

For at døve skal kunna gå på konsert og få mest muleg ut av det, må det ein del tilrettelegging til.

– Tolken må få mulegheit til å plassera seg slik at han får med seg både det som skjer på scena og ha god kontakt med oss. Me må også sitja slik at me kan sjå både tolken og scena samtidig, forklarer Anne Kristine.

Ho fortel at det ikkje er alle tolkar som kan ta slike oppdrag. Tolken må ha rett kompetanse. Han eller ho må tenkja og handla fort for å oversetja bodskapen og formidla det som skjer rundt dei på ein god måte.

– Tolken må vera litt musikalsk også. Det er viktig for å få den rette stemninga, seier Erling.

Skryt av arrangørane

Monica Glåmen og Marianne Berg som tolka for dei under konserten kommuniserer med ein teknikk som heiter «teikn til tale». Dei fortel at dei fekk spelelista frå bandet på førehand, og at dei var nøydde å læra seg alle songane.

– Me har brukt rundt 50 timar på å førebu oss til dette. Det er krevjande. Det går i eitt, men det er veldig kjekt å få slike oppdrag, seier dei, og skryt av arrangørane som let dei få koma inn i teltet i god tid før konserten og reserverte gode plassar til dei.